

TEMA: Hordaland ①32

KART: ④432, ④435

Ramsøy

VARDEVAKT

«Det bøyrdest ved nott eit dunder på dør, og husbonden vaknar, spring ut og spør:
Kven er det som belar? Jau no lyt du ut, for varden lyser på Høgenut. Og kvar mann visste i same ande,
at no var det kome ufred til landet.»



Vardebrenning. Rekonstruksjon.

VETANE – EIT GAMALT VARSLINGSSYSTEM

Ved midten av 900-talet delte HÅKON DEN GODE alt land ved kyst og fjord i skipreider, som i ufredstider skulle rusta ut kvar sitt langskip (④432). Han baud òg at det skulle skipast eit varslingsystem av vetar eller vardar på mutar og andre stader som var synlege på lang lei. I ufredstider skulle det setjast ut vetevakt, og vetane skulle kveikjast når fiendar nærma seg. Gulatingslova har detaljerte føresegnar om veteordninga.

Vetane låg i ei rekkje frå svenskegrensa i søraust til Hålogaland i nord, men det var veterekkjer også innover i fjordane, etter kvart også vidare innover i landet.

Vetane var gjorde av kløyvd langved, reist opp som ei kjegle. Når det vart sett eld på veten, skulle bålet vera synleg for vaktene ved neste vete og vera signal til desse om å senda eld-bodet vidare. Soga seier at på denne måten kunne krigsbod gå frå landsende til landsende på 7 dagar.

Siste gongen vetane var i bruk, var i krigen 1807–08 og i 1814. I 1807 gav futane påbod om at dei gamle vetane, som var i forfall etter den lange fredsbolken, skulle setjast i stand, og vakthald skulle organiserast. Skrivet frå futen BUDTZ finst framleis, difor har vi fullstendig oppgåve over dei 9 vetane i Sunnhordland og Hardanger frå desse ufredsåra, slik det går fram av kartet på side 435 (nr. 1-9). Påbodet frå futen i Nordhordland og Voss vantar, men tradisjonen kjenner dei fleste av desse vetane òg (④435).

På LYDERHORNVETEN, som skulle lysa over Bergen, vart den første vardevakt under ufreden 1807–08 sett den 22. september 1807. Losar frå Bergen fekk ansvar for vakthaldet.



Ramsøy med restar etter dei tyske artilleristillingane.

DET TYSKE KYSTFORTET PÅ RAMSØY

I diktet «Vardevakt» skildrar PER SIVLE meisterleg den angst og uhyggje som spreiddest i heimane når ufredsbod kom. Folket i Hordaland har gjennom meir enn 1500 år vore vel budde på trugsmål frå fiendar. Mange minne etter forsvarsverk og varslingsystem frå farne tider finst framleis her i fylket. Innanfor Askøy kommune finst bygdeborg frå jernalderen, vete frå mellomalderen og nyare tid, og festningsanlegg frå vårt eige hundreår.

I 1941–42 bygde den tyske hærmakta omfattande kystartilleristillingar på RAMSØY. Saman med sju andre anlegg var anlegget her ein del av 'Artillerigruppe Hjeltefjord', med landkvarter på Skurtveit på Holsnøy. Batteria vart bemanna med avdelingar som var organiserte og sette opp i Stuttgart. Ramsøybatteria hadde fire kanonar med ei rekkevidd på 14 000 meter og dekte Hjeltefjorden nordover til Merkesvik og Blomvågen. Idag

er restane etter festningsverka på Ramsøy dei best bevarte av dei mange tyske forsvarsanlegga i Askøy. □



Britisk flyfoto av den tyske militærflyplassen på Herdla. Biletet er eit spionfoto fra september 1944. 27. desember 1941 vart Herdla flyplass bomba av britiske fly for å hindra den tyske flystyrken i å ta del i Måløy-«raidet» som gjekk føre seg samstundes.